

## SIKKER DRIFT

Møte 10.10.16 med KA-leiarar, AU-Sikker drift og sekretariatet

- Paul Glenn, prosjektkoordinator
- Terje Bjelle, prosjektleiar, AU, studieadministrasjon
- Tage Båtsvik, AU
- Kirsten Bakken, økonomi
- Wenche Fjørtoft, personal
- Idar Magne Flemmen, IT
- Astrid Optun, arkiv
- Astrid Sandnes, bibliotek
- Elin Styve, kommunikasjon
- Sonja Irene Dyrkorn, AU
- Endre Laastad, bygningar og studiestadsdrift
- Tone Skjerdal, sekretær

Forfall:

- Gro Anita Fonnes Flaten, FoU

Saker:

### 1 Rapportering og arkivering

- a. Rapporteringa i Excel, jf. epost onsdag 7.10.
  - i. Excel-fil er flytt til mappa administrative tenester. **Alle kan redigera i Box.** Lås dokumentet medan du redigerer, og lås opp fila etterpå.
  - ii. Avtalar eige punkt: Sjekk ekstra om ein har kontroll på avtalar og økonomien i dette!
- b. Rutinar i KA for arkivering av framdriftsplanar, reviderte mandat o.l. Kva vert gjort, og kva trengs av felles løysingar? Alle arbeidsgrupper må leggja dokumentasjon på arbeidet i mappene for si arbeidsgruppe.
- c. NB: Hugs arkivering i Public 360 når dokumenta er endelege

2 I kva grad har me back-up-løysingar, td. kritiske område, som på IT-system, FS, e-post, mv?

- a. Der me ikkje har eksterne å lena oss på, må **KA be arbeidsgruppa spesielt om å gjera greie for kva reserveløysingar ein har på kritiske område. Viktig i arbeid med ROS-analyser på kvart område og det vil gje ei god oversikt på aggregert nivå**
  - i. Idar Flemmen: Generelt vert det gjort prøveøyringar, og der det ikkje er vellukka, vert samanslåinga utsett.
- b. Prosessane som er drive av sentrale aktørar, er godt ivaretekne.
- c. Paul og Tone må ta med til møtet med Deloitte 11.10: Korleis kan dei hjelpa oss til å sikra at me har kontroll på verksemdskritiske ting og at me har reserveløysingar der det trengs.

### 3 Studentmedverknad. Er studentane involvert i arbeidet der dei bør vera med?

- a. Generelt: I arbeidet ein gjer i dei fleste arbeidsgruppene, er det ikkje ei rolle for studentane. Men **i saker som gjeld framtidige løysingar, er det viktig med studentmedverknad**: LMU og visuell profil er døme. KA må sikra dette.
  - ii. Sikkerheit og beredskap: Bør vurderer om det bør vera med studentrepresentant, eventuelt kva tidspunkt representanten bør inn
- b. Astrid Optun: **Søknadsskjema, klageskjema og liknande må ha eigen rubrikk for kva campus studenten tilhøyrer. Spesielt viktig i overgangsfasen frå 1.januar til ny organisering/linje er på plass. Det beste er om studentane skriv i e-posten, helst emnefeltet, kva campus det gjeld.** Dette er viktig for at ikkje post/arkiv skal brukast altfor mykje tid på å leita. KA Studentadministrasjon tek dette vidare

### 4 Forslag til mellombels sentralbordløysing og felles epostadresser, jf. vedlegg vidaresendt frå arbeidsgruppa

- a. Sentralbord: Foreslått løysing er ok
- b. Felles e-postadresser: HVL-struktur: For **service-funksjonar kan det vera fornuftig å ta med campus-namnet**, ikkje på tilsette eller studentar. Elles ok
- c. Arkiv må ha rett e-postadresser på alle tilsette frå 1.1.2017. Eiga arbeidsgruppe på IT som arbeider med arbeidsflyt. KA Dokumentasjon må involverast her.
- d. Det å avdekka like namn på tilsette og studentar er ein del av grunnarbeidet før samanslåing av systema

### 5 Ymse

- a. Informasjon
  - iii. Sjekk kva som står på fusjonsinfo.no, og om KA har noko anna som bør ut der
  - iv. Elin Styve: Viktig å understreka **linja sitt ansvar for informasjon i organisasjonane**. Det vert jamleg sendt ut presentasjonar til kommunikasjonsfolka i HiSF og HSH. Etterlys desse dersom dei ikkje er framkomne til leiarane. Presentasjonane er generiske og kan endrast og brukast slik ein ynskjer på kvar høgskule. **Meldingar som krev handling frå dei tilsette, bør komma frå eigne leiarar.**
- b. Terje Bjelle: Integrasjon mellom TimeEdit og FS må venta til etter integrasjon av FS
- c. Når skal ein melda inn ressursbehov? Astrid Sandnes etterlyser eige skriv om dato for når ein skal spela inn om SAKS-midlar, vidareføring av det ein har i dag og felles kostnader i HVL
- v. Tage Båtsvik: Sak om dei fire budsjettområda: Kvar nærregion + HVL-budsjett. Arbeidet vert drive av KA Økonomi. Prinsippa og førebelse rammer vert diskutert i interimsstyret i oktober. Detaljert for nærregionane vert behandla i driftsstyra. Detaljert sak kjem i interimsstyret i desember. Må bli innspelsprosess på store saker i november.

- vi. Idar Flemmen: Organisering er ikkje avklart før langt ut på våren. Forhandling skjer heile tida. Er det definert ønske om kvar forhandlinga av avtalar skal skje, sentralt eller i nærregionane?
  - 1. Ikkje bestemt kvar forhandlingar skal skje. **AU-Sikker drift må ta opp dette spørsmålet.** Nokre område kan det liggja politikk i, det kan bli meir krevjande å ta tak i.
  - 2. Skal ein velja faktura til kvar nærregion (som før) eller skal ein ha felles faktura? Kvar KA må vurderer dette.
  
- d. Språkpolitikk i interimfasen: Elin Styve: Alle prosessdokument som vert laga i Sikker drift kan skrivast på den målforma som skrivaren er komfortabel med. Viktig at alle er klar over dette. Saker som har permanent karakter, er i ein annan kategori og må vurderast spesielt. Det kjem ei orienteringssak om dette til interimstyret.